

KRIGSHISTORIEKRIG

Den glømte nazismen

Media er framleis
meir interessert i
mannen enn i ballen,
om så mannen er
Hans Fredrik Dahl og
ballen er nazismen.

SVEIN SÆTER

Historikaren Odd-Bjørn Fure skreiv stridskriftet *Kampen mot glemselen. Kunnskapsvakuum i mediasamfunnet*, og treffe mediasamfunnet i hjarterota. Fjorårets nazisme-debatt i Dagbladet, med nesten total mangel på engasjement frå presse og historikarar, illustrerer faren for «glemsel», meiner forfattaren. Men da Fure presenterte boka si tysdag var engasjementet plutsleg overveldande: Historikarar og pressefolk sto som sild i tønne. For Fure hadde gått knallhardt ut mot ein kjendis.

Dahl og Irving

– Du fryktar manglande engasjement, men lokalet her er stuvande fullt av historikarar og folk frå alle media. Korleis tolkar du det?
– Eg tolkar det slik at dette er av offentleg interesse fordi eg går til angrep på ein person som symboliserer vesentlege trekk ved det norske mediasamfunnet.

Denne personen er Hans Fredrik Dahl. Han har skrivne svært rosande om den britiske historikaren David Irving, og om biografien hans om Hitlers propagandasjef Joseph Goebbels. Irving har hevda at dei nazistiske utryddingsleirane var allierte propagandapåfunn. I følge Fure er han «ein kjelde-manipulator og notorisk historiefalskar», som «benektar dei mest terroristiske og menneskefiendte sidene ved den nazistiske staten».

Historieløyse

Likevel får Hans Fredrik Dahl sleppe til i Dagbladet med sterkt positiv omtale av Irving, som han kallar «den fremste kildekritiker innen nazismens historie i dag».

Og der hopar problema seg opp for Odd-Bjørn Fure: Korleis kan Dahl få så brei plass i Dagbladet med artiklar som «ville hamna i papirkorga i europeiske kvalitetsavisers»? Korfor går så få historikarar ut mot han? Korfor er det berre Morgenbladet i norsk presse som tek opp Dahl si «hylling av Irving»?

Eitt av svara skremmer Fure: – Eg fryktar dette er uttrykk for vekande historieløyse og tap av historisk medvit i den norske offentlegheita.

Dårlege aviser

Dagbladet og resten av media er ein viktig del av denne offentlegheita. Her har forfallet sett inn, meiner Fure.



Han hevdar at Noreg ikkje har ei einaste kvalitetsavis som er tilnærma på høgde med Le Monde, Die Zeit, Liberation, El Pais og andre. Når manglande «kvalitets-sikring» i Dagbladet gjorde at artikkane til Dahl slapp gjennom, er det ikkje fordi avisa har endra stilling til nazismen, men på grunn av historieløyse og kunnskapsmangel.

– Det er eit mysterium at Dagbladet frittek Hans Fredrik Dahl frå dei krava til kvalitet og dokumentasjon som pregar analysane på side 2 i avisa, meiner Fure.

HISTORIELAUS: Odd-Bjørn Fure gjer Hans Fredrik Dahl (biletet) til eit symbol på den norske historieløysa.

Vakuumet

Hans Fredrik Dahl var ikkje til stades for å svara på kritikken der og da. Det var derimot ei lang rekke historikarar. Dei valde stort sett å halde seg tause også denne gongen. Fure, som er førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen og prosjektleiar ved Senter for europeiske kulturstudier, tykkjer ikkje det er så rart.

– Det er knytt djupt ubehag til det å gå ut mot ein kollega. Derfor har så få teke til motmæle. Eg har sjølv utsett det fleire gonger.

Når han ikkje utsette det enda ein gong, var det for å hindre at Dahl framleis skulle få operere i eit «kunnskapsvakuum».

Få har teke til motmæle mot Dahl, men ingen har støtta han.

– Det er umuleg å gjera det, fordi han tek faktisk feil.

For seint, for svakt

David Irving har stått fram som nazi-vennleg i mange år. Han stiller gjerne opp for gamle og nye nazistar, og gjev ny næring til dei forskrudde ideane deira. Skulle det ikkje likevel vera



HISTORIELAUS: Odd-Bjørn Fure gjer Hans Fredrik Dahl (biletet) til eit symbol på den norske historieløysa.

muleg å drøfte forfatterskapa hans i Dagbladet?

– Jau, men da har Dagbladet eit ansvar for å bruke det som er brukbart, og kaste det som ikkje er det.

Odd-Bjørn Fure er kritisk til at Dagbladet ikkje tok eit klårare og raskare oppgjør med Irving.
– Det er påfallande at saka først vart løfta opp på leternivå med ei halv setning eit halvt år etter at debatten starta.

Politisk redaktør i Dagbladet, John Olav Egeland, var unntaket som tok vare på «Dagbladets stolte antifascistiske fortid». Han tok avstand frå Irving. Fure tykkjer ikkje det er nok. I *Kampen mot glemselen* skriv han:

«I lesernes samlede inntrykk av Dagbladets profil er det ikke Egelands ene intervensjon som teller, men de jevne drypp fra Dahl over flere år».

Og kritikken rammar fleire: «Dahls vedvarende hyllest til Irving gjennom en lang debatt er ikke bare belastende for Dagbladets anseelse. Det faktum at bare Morgenbladet engasjerte seg mot Dahls utlegninger er et urovekkende vitnesbyrd om det kritiske bevissthetsnivå i norsk presse.»

Arktisk ureining

(NPK) Arktis er svært sårbar når det gjeld forureining frå sørlege breiddegradar, då det er påvist at både luft og havforureiningar kan transportast tusenvis av kilometer nordover og utgjere ein trussel mot dei arktiske økosystema.

Nordisk Ministerråd har fått hjelp av om lag 200 nordiske fageksperter til å skrive ei bok om miljøsituasjonen i Nordens arktiske område, «Arktisk miljø i Norden – urørt, overutnyttet, forurenset?».

Boka viser at dei arktiske delane av Norden framleis har svært store naturressursar og relativt urørt natur. Menneska sin bruk av området gjennom fleire hundreår har likevel sett til dels djupe spor. Ekspertane skildrar miljøeffektar av blant anna jakt, fiske, reindrift, skogbruk, friluftsliv, utbygging og forureiningar, både i tidlegare tider og fram til i dag.

Testikkel-teoriar

(NPK) Årsaka til at testiklane dinglar utanpå kroppen i staden for å ligge trygt «innabords», kjem ikkje av at spermien er meir aktiv i kulde, meiner forskar Michael Chance ved Universitetet i Birmingham.

Den darwinistiske forskaren lanserte nyleg sin teori på testikkelmysteriet: Sidan mennesket er eit aktivt vesen, må testiklane hengje utanfor kroppen for å hindre at sæden vert pressa over i urinen ved høg aktivitet.

Chance støttar teorien ved mellom anna å peike på at aktive dyr som hestar, apar, rådyr og antiloper har testiklane utanpå kroppen, medan dei meir dovne dyra som elefantar, piggsvin, moldvarp og dovendyr har testiklane innabords, skriv The Economist.

Boka om Annerledeslandet – NÅ ER DEN HER!

■ I boka «Annerledeslandet – som ikke er seg selv nok», tar Per Olaf Lundteigen og Anne K. Grimrud til orde for en ny kurs for Norge.

Pressen melder at de vil «røske opp i hele system- et». Debatten er alt i gang, både blant grønne, røde og blå. Vil du følge med, bør du ha lest boka. Den kan kjøpes i nærmeste bokhandel, eller direkte fra Cultura Forlag. Den koster kr. 198,- (inkl. porto og oppkrav).



ANNERLEDESLANDET – som ikke er seg selv nok

Ja! Jeg vil gjerne kjøpe boka

Navn:

Adresse:

Sendes Cultura forlag, P.b. 6734, St Olavs plass, 0130 Oslo.
Faks: 22 20 69 15